

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2022
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: HR- og organisasjonsdirektør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: **Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF 2023**

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 23/22

STYREMØTE: 29.09.2022

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre bestående av:

- Linda Baug Tjore (leiar/tilsettere representant meld inn av FF/Parat)
- Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant meld inn av NFF)
- Berit Beate Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR- og org. dir)

Valet i Sjukehusapoteka Vest koordinerast med tilsvarende val i Helse Vest

Oppsummering

«Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styre» vart sett i verk i 2003. Forskrifta seier at « *de ansatte, både i det regionale helseforetaket og i de helseforetakene det eier, har rett og plikt til å velge medlemmer til det regionale helseforetakets styre, uansett det totale antall ansatte i helseregionen* ».

Dei tilsette i Sjukehusapoteka Vest har i samsvar med føretaket sine vedtekter 3 av i alt 9 medlemmer.

Det skal etablerast valstyre som har i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med lov og forskrift.

Etablering av valstyre skal skje i samsvar med forskrifta § 8 :

«Valget ledes av et valgstyre. Valgstyret skal bestå av minst tre personer med stemmerett, hvorav en leder og en nestleder. De ansatte og foretakets ledelse skal ha minst en representant hver i valgstyret. Når styrerepresentasjon for de ansatte er etablert, herunder ved en midlertidig avtalebasert ordning, oppnevnes valgstyret av foretakets styre. Dersom slik representasjon ikke er etablert, skal valgstyret oppnevnes av foretakets daglige leder, eller den vedkommende gir fullmakt, sammen med de ansattes tillitsvalgte. Dersom valgstyret må oppnevnes gjennom avstemning, er det bare de ansattes representanter som har stemmerett. Foretakets ledelse skal dog ha anledning til å oppnevne en representant i valgstyret. Medlemmer av valgstyret som ikke kan eller ønsker å fungere lenger, skal erstattes snarest.»

I samsvar med forskrift til helseforetakslova blir det gjennom denne saka oppnemnd representantar til valstyret.

Sjukehusapoteka Vest har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettar i høve til Hovudavtala. Dei har historisk nominert to representantar til valstyret. Arbeidstakar sin representant vart utnemnt i leiarmøte 13.09.2022.

Konklusjon

Administrasjonen anbefaler styret i Sjukehusapoteka Vest HF til å utnemne følgjande kandidatar til valstyre for val av tilsette sine representantar med varamedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF;

- Linda Baug Tjore, (leiar / tilsettere representant meld inn av FF/Parat)
- Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant meld inn av NFF)
- Berit Beate Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR- og org.dir)

For å sikre best mogleg ressursutnytting og kostnadseffektivitet anbefaler administrasjonen at val av tilsettere representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF samordnast med tilsvarande val i Helse Vest RHF og i dei andre helseføretaka. Valdato i Helse Vest er enno ikkje fastsett.